



Byglandsnytt nr.29 –januar 2022

Informasjon frå Bygland kommune

GODT NYTT ÅR!

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
Neste utgåve: 1. februar 2022 - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no
innan 27.01. - Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord:** tlf. 37 93 47 00 - måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00
- **Publikumsmottaket** held stengt minst fram til 14.01. i følgje dei nasjonale smittevernreglene.
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00-15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00–14.00

Legkontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekantor

Byglandsfjord legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 31.01 kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 31.01 kl. 15.30

Nytt om namn i kommunen

- Katharina Skavoll overtek som tenesteleiar på Byglandsfjord oppvekstsenter i tida 13.12.21 - 31.07.22.

Ledige stillinger

Vi treng tilkallingsvikarar som heimehjelp!

Kan du tenke deg å vere tilkallingsvikar som heimehjelp?

Da treng vi deg!

Om dette er interessant for deg, kan du ta kontakt med

Marthe A. Håvorstad Homme på e-post

marthe.homme@bygland.kommune.no eller ring henne på tlf. 476 80 988.



KORONA

Oppdatert status på smittesituasjonen i Bygland

Diverre har vi ein del smitte i kommunen.

Vi oppdaterer difor fortløpande informasjon om smittesituasjonen i Bygland på kommunen si heimeside: bygland.kommune.no.


Status pr. 1.1.22: Det er 10 personar som er i isolasjon/smittekarantene.

Du kan bestille sjølvtest på legekantoret

Oppløver du at du får covid-symptom eller er du uvaksinert nærkontakt, kan du ta kontakt med legekantoret for å hente sjølvtestar

Gratis sjølvtestar skal prioriterast til:

- personar med symptom
- uvaksinerte nærkontakter
- uvaksinerte barn og unge ved målretta jamnleg testing (i situasjonar med utbrot)



Det er svært viktig at den som henter testen er symptomfri!

Om testen er positiv

Om testen er positiv, må du i isolasjon. Ta kontakt med legekantoret for vidare oppfølging eller registrer positiv testresultat digitalt (sjå under). Du må bestille ein ordinær PCR-test for å sjekke om det positive svaret er rett. Nærkontakter/medlemmer i husstanden som ikkje er fullvaksinerte, må i karantene til svar frå PCR-testen ligg føre.

No kan alle sjølvregistrere positive hurtigtestar på nett

Bygland kommune har tatt i bruk ei digital løysing der innbyggjarar med positiv hurtigtest kan registrere testen sjølv. Løysinga finn du på kommunen si heimeside: bygland.kommune.no meny-punktet «Registrere positiv sjølvtest». Den fungerer på pc, nettbrett og mobil

<https://minside.kommune.no/innlogget/smitte-selvregistrering/hjemmetest?kommunennummer=4220>

Om du opplever å få ein positiv hurtigtest, slepp du å ringe kommunen for å gi beskjed. Du kan logge deg inn på heimesida og registrere positiv hurtigtest der. Kommunen vil sjå dette, og ta kontakt.

Det er enkelt å registrere deg, men du må logge inn med BankID. Då kjem du til ei side der du legg inn kontaktinformasjon.

Covid-19 vaksinerings - 3. dose


Bygland kommune har no sendt innkalling til alle over 18 år som vi har informasjon om vaksinedato på og som fekk 2. dose 26. august eller tidlegare.



Det er nokon vi ikkje har vaksinestatus eller dato på av ulike årsaker. Ta gjerne kontakt med Kjersti Plathe på tlf. 952 15 572 eller på e-post kjersti.plathe@bygland.kommune.no, så set vi opp ein vaksinetime til deg. Dei som skal vaksinere seg den 4. eller den 11. januar, gjer det her:

- 4. januar – Byglandsheimen
- 11. januar - Byglandshallen

Pandemien er ikkje over - hald deg heime om du er sjuk!



Vi opplever hurtig aukande smitte og lokale utbrot. Talet på innleggingar aukar, og det er fleire døde. Det er svært viktig at alle held seg heime om de er sjuke og testar seg ved luftvegssymptom.

Når skal du bli heime pga sjukdom?

Symptom på luftvegsinfeksjon kan starte med svake symptom, som til dømes hovudpine og tett nase, eller meir klassiske influensasymptom som feber, hoste, sår hals og nedsett allmenntilstand. Symptoma kan vere teikn på covid-19.

Det er særleg viktig at du held deg heime i det du får dei første teikna på akutt luftvegsinfeksjon. Du er mest smittsam dei første dagane med symptom. Svake symptom kan vere vanskeleg å tolke, men det er tilrådd at du tester deg for SARS-CoV-2 før du eventuelt går på skole/jobb. Om du har nye symptom på luftvegsinfeksjon som feber, hoste sår hals eller nedsett allmenntilstand, bør du halde deg heime. Ungdom og vaksne bør ha ein negativ covid-19-test før dei vender tilbake til skole eller arbeid.

Når skal du halde barna heime frå skole og barnehage?

Forkjøling er den vanlegaste infeksjonen hos barn. Barnet kan gå i barnehagen når allmenntilstanden tilseier det. Det betyr at barn med noko restsymptom etter forkjøling, som rennande nase, snørr eller hoste, kan kome tilbake til barnehagen når barnet ellers er i vanleg form.

Ved hoste utan feber kan barnet i barnehagen når allmenntilstanden tilseier det. Ved langvarig eller kraftig hoste bør barnet bli undersøkt for blant anna kikhoste.

Meir informasjon om viruset, koronavaksine, influensavaksine og RS-viruset finn du på [helsenorge.no](https://www.helsenorge.no) og [fhi.no](https://www.fhi.no).

Helse:

Informasjon vedk. Byglandsfjord legekontor

Vi kan informere om at oppstarten av legesamarbeidet med Evje og Hornnes kommune blir noko utsett.



Det betyr at legekontoret på Byglandsfjord vil halde ope til og med 28. januar.

Vertskommuneavtalen må opp til politisk behandling i kommunestyret i 2022, antageleg i møte 9. februar.

Plan og Utvikling

GNIST: Det gode livet rundt Byglandsfjorden

Byglandsfjorden er hjarta i Bygland kommune, og har blitt omtalt som "Norges mest underkommuniserte naturperle". Dette ønskjer vi å gjere noko med!



Nånesveten. Bilete Knut Olav Forgard

Vi gjennomfører difor ein prosess saman med Agder fylkeskommune for å få fram gode tankar, idear og planar som kan hjelpe oss å realisere det verkelege potensialet Byglandsfjorden har. NHO sitt kommune-NM slår fast at Bygland kommune har Agder sin lågaste bustad-, nærings- og besøksattraktivitet. For alle oss med eit stort hjarta for Byglandsfjorden er ikkje dette lett å forstå.

Potensialet er enormt, sidan vi frå naturen sin side er gitt dei aller beste føresetnadane. Reint og ferskt vatn, sandstrender, holmar/skjær, spektakulære utsiktspunkt, god plass, ro og fred og bleka. Grønt skifte og blå økonomi hand-i-hand. Gjort på målretta og systematisk vis er det mogleg å etablere berekraftige løysingar, for både turistar, innbyggjarar og næringsdrivande. Vi ønskjer å legge til rette for eit berekraftig bu- og arbeidsmiljø, med særleg søkeljos på nye arbeidsplassar. Det er nærliggande å tenke at dette kan vere innanfor reiseliv og kultur, men vi ønskjer også andre næringar velkomne, det vere seg både "grøne", "blå" og andre fargar. Skal vi skape arbeidsplassar må vi også kunne tilby dei menneska som skal jobbe her, gode butilhøve. Og kvar er det ikkje vakrare og flottare å bu enn rundt Byglandsfjorden? Med både Presteneset på Bygland, fjordbyen Byglandsfjord og festivalbygda Ose, har vi starta planlegginga.

Tar vi med oss den rike historia som ei kraft inn i framtidsretta løysingar, meiner vi at vi saman kan skape noko heilt ekstraordinært. Vi kan igjen skape "smilande grender" rundt Byglandsfjorden, der folk trivast med å bu, jobbe og feriere.

Kva er GNIST?

GNIST er eit kunnskapsbasert innovasjonsprogram for stad- og næringsutvikling med det mål å skape eit attraktivt samfunn for alle noverande og framtidige innbyggjarar i Bygland kommune.

Prosjektet "Presteneset" bruker denne metodikken, det same med det overordna prosjektet "Det gode liv rundt Byglandsfjorden".

Oppsummering frå samlinga

Den 1.12.21 var det workshop med inviterte deltakarar. Arrangørar var Agder fylkeskommune og Bygland kommune.

Programmet for dagen var variert, men det grunnleggande temaet var følgjande: Idémyldring ved hjelp av prosessverktøyet "Idedialog"

Deltakarane var fordelt på fleire bord, og kvart bord fekk i oppgåve å vere kreative og kome med idear. Eit utval av dei nye ideane skulle bli presentert for resten av forsamlinga.

Ein hovudregel for idémyldringa var: "Jo villere, jo bedre - alt er lov"

Alle innspela blei samla i eitt dokument som det blir jobba med i vidare prosess i 2022. - Dokumentet såsom presentasjonane frå samlinga finn du på kommunen si heimesida under menyknappen GNIST.

Økonomi

Fleksibel fakturering på kommunale avgifter

Passar det betre for deg å betale kommunale avgifter kvar måned, eller ønskjer du kanskje å betale ei gong i året?



No har du sjansen til å tilpasse dei kommunale avgiftene slik at det passer best for deg.

KOMTEK Flexibel fakturering er ei digital løysing som gjer at kommunen kan gje innbyggjarane fleksibilitet ved å dele opp fakturaen på kommunale avgifter.

Det betyr at kvar enkelt mottakar av faktura for kommunale avgifter sjølv kan velge kor ofte eller kor sjeldan dei skal få faktura på kommunale avgifter i løpet av året.

No har alle forfall kvar tredje måned. Om du ønskjer å endre dette, kan du anten gå inn på "Min eigeidom" på kommunen sin heimeside for å endre frekvens, eller du kan ta kontakt med kommunen på e-post: post@bygland.kommune.no eller på telefon: 37 93 47 00.

Næring

- **Nesodden Industribygg AS**, som er eit kommunalt næringssselskap, held på å førebu ein anbodskonkurranse for eit industribygg som skal setjast opp på Nesmoen, eit par kilometer nord for Bygland sentrum. Det lokale selskapet **Skild AS** skal etter planen leige ein større del av industribygget.
- **Nesmoen Næringspark AS**, som er eit privat næringssselskap eigd av Lars Gunnar Sangesland, Dagfinn Borgi og Eivind Greibrokk, er løyvd kr 100.000 i næringsstøtte frå kommunen til å opparbeide

næringsarealet som dei har kjøpt av kommunen. Kommunen er svært positivt til at det er initiativ til å utvikle næringsområdet på Nesmoen.

- Oday Diab m.fl. har etablert **Bygland Drosje AS** for å vidareføre drosjeverksemda i Bygland, etter at Einar Bygland bestemte seg for å avslutte verksemda si.

Drift og Forvaltning

Vannforvalter for Otra Vannområde

Drift og Naturforvaltning i Agder blir styrka i 2022. Bygland kommune blir vertskommune for ein nyoppretta vannforvalterstilling for Otra Vannområde.

Kommunane frå Kristiansand i sør til Bykle i nord og fylkeskommunen er med i spleiselaget.

Denne stillinga vil bidra til ei styrking av det grønne og blå forvaltningsmiljøet vi har i kommunen.



Otra ved Heistad. Bilete: Susanne Hegenscheidt

Symjehallen i Bygland

STENGT for familiebadning minst til 14.01. grunna nasjonale smitteverntiltak.

Symjehallen er til vanleg open **tysdagar** og **fredagar** frå kl. 17.00 – 20.00 fram til påske, stengt i skuleferie.



Takstar familiebadning på Bygland skule

- Born pr. gong 20.-
- Sesongkort born 150.-
- Vaksne over 18 år 40.-
- Sesongkort over 18 år 350.-
- Familie, sesongkorg 700.-

Oppvekst

GODT NYTTÅR TIL ALLE ELEVAR, ANSATTE OG FORELDRE!



Setesdalfolk! v/ Vegar Vårdal

I desember begynte Bygland skule på øvinga til skuleprosjekt som skal ende opp i ei framsyning mars/april 2022. Denne fyrste gongen gjaldt det dans. Dei største elevane lærte reel frå Vegårshei og gangar frå Setesdal, medan dansen til dei yngste klassane var meir leikprega. Vegar Vårdal er eit fyrverkeri av ein instruktør!



1.- 4. klasse. Bilete: Åslaug Haugå

Klassequizen 2021

Bygland skule klarte å samle inn 11 av 12 poeng! No skal Thomas, Ida Helen og Jon Vegard bli med i fylkesfinalen i veke 2!



Logo: Klassequizen NRK

Unntak frå fráværreglar

Regjeringen.no informerer: Ved frávær av helsemessige orsaker treng ein ikkje legeerklæring og det vert ikkje ført på vitnemålet. Det er tilstrekkeleg at foreldre stadfestar fráværet. Dette gjeld skuleåret ut.



Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester (med atterhald)

Sjekk Setesdölen 13.01. for aktuell informasjon

- søndag 16.01. kl. 11.00, Årdal kyrkje, Grendi

Trusopplæring med Malin Hegenscheidt (vikar)

- søndag 09.01. kl. 12.00 – 14.00, Evje kyrkje: Tårnagenter
- søndag 16.01. kl. 14.00 – 15.30, Bygland bibliotek: 3-års barnebibelen
- søndag 22.01. kl. 14.00 – 16.00, Evje kyrkje: Kyrkjerottene (8-åringar)



Friluftsgudstenesta på kyrkjebakken i Bygland - Jolaftan 2021

Opp til 80 menneskar kom for å feire jolegudsteneste på kyrkjebakken 24.12.2021. Det var 13 kuldegrader og stiv kuling, men jolestemning ble det likevel. Takk til alle som kom!



Tom Martin Berntsen var prest, Anne Karin Kaasa song og Knut Olav Upstad spela orgel. Svein Kleivane, Malin Hegenscheidt og Harry Andersen var medhjelparar. Ordførar Sigbjørn A. Fossdal kom med helsing frå kommunen. Tor Ånon Kleivane ordna lyd.

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,
Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktiviteter er:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)** bl.a. med mykje vinterutstyr, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste og transport til og frå vaksinasjon**
- **Strøsand til eldre** (sjå under)

Dei fleste aktivitetane i veke 1 og 2 er avlyste grunna nasjonale smitteverntiltak. Det kjem ny informasjon frå regjeringen etter 14.01. Følg med!

- **Seniorsenter:** kvar måndag kl. 11.00 – 14.30, Pakkhuset på Byglandsfjord
- **Bingo:** annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral
- **Bygdemiddag:** annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, Bygland frivilligsentral
- **Open dag i salen – Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-15.00
- **Styrketrening:** torsdagar kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen
- **Strikkecafe:** 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral
- **Valfag Innsats for andre - samarbeid med Bygland Oppvekstsenter:** Kvar tysdag kl. 12.00-13.30, ikkje i ferien. Oppdrag kan meldes inn på sms til 945 10 700. Der skriv du adresse og kva oppdraget er.

Strøsand (singel) til eldre!

Frivilligsentralen i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma, har i vinter eit tilbod til dei som har vanskar med å hente sand på Nesmoen.



I garasjen til heimesjukepleien (ved Byglandsheimen) blir det sett ned bytter med singel. Det er 12 liters murebytter.

Meininga er at dersom ein treng singel til hjelp på glatta kan ein kome med ei tom tilsvarende bytte, sette den ned og ta med ei full.

For kontakt må ein ringe heimesjukepleien tlf. 95234632 eller

Frivilligsentralen tlf. 94510770. Det blir bytter frå ca. medio november.

For å få kontroll med kven som har bytta bøtter, blir det lagt ned ei liste der ein må skrive ned namnet sitt.

KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygland Filmklubb: ingen framsyning i januar

Bygdekinoen: onsdag 26.01. kl. 17.30 og kl. 19.30


kl. 17.30: Snødronningen

OMTALE

Ei natt sender den vonde Snødronninga Nordavinden feiande mot byen, for å frysa den siste trollmannen i verda til is og røva han bort. Familien til trollmannen blir splitta i den isande stormen. Fleire år seinare får den modige dottera til trollmannen, Gerda, vite at ho har ein bror, og at Snødronninga har bortført han òg! Gerda legg ut på ei farefull ferd for å redde broren. Med seg har ho ein av dei magiske speglane til faren, og ein hjelpar i form av trollet Orm. Men kan magien til spegeln hamla opp med dei iskalde kreftene til dronninga?

BILLETTPRIS: 100 kr

FILMFAKTA: Regi: Vladlen Barbe. Språk: norsk. Sjanger: Animasjon /Familiefilm /Barnefilm. Nasjonalitet: Noreg. Lengde: 1t. 16min. Aldersgrense: 6 år.



kl. 19.30: The Matrix Resurrections

OMTALE

Frå den visjonære filmskaparen Lana Wachowski kjem "The Matrix Resurrections", det neste kapittelet i franchisen som redefinerte ein heil sjanger. Her møter Keanu Reeves og Carrie-Anne Moss kvarandre på nytt i dei ikoniske rollene som Neo og Trinity. - I filmen kjem du tilbake til ei verd med to verkelegheiter. Kvardagslivet og det som ligg bakanfor. For å finna ut om verkelegheita hans er ein fysisk eller mental konstruksjon og for verkeleg å kjenne seg sjølv, må Mr. Anderson velje å følgje den kvite kaninen nok ein gong. Og om Thomas / Neo har lært noko som helst, så er det at dette valet framleis er den einaste vegen ut av - eller inn i - the Matrix. Neo veit allereie kva han må gjera. Men det han ikkje veit enno, er at Matrixen er sterkare og meir farleg enn nokon gong før. Déjà vu.

BILLETTPRIS: 120 kr.

FILMFAKTA:

Regi: Lana Wachowski. Språk: Engelsk. Produksjonsår: 2021
Skodespelarar: Keanu Reeves, Carrie-Anne Moss, Yahya Abdul-Mateen II, Neil Patrick Harris, Jonathan Groff, Jada Pinkett Smith. Sjanger: Action /Sci-Fi.
Nasjonalitet: USA. Lengde: 2t. 28min. Aldersgrense: 15 år.



Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 29:

Bilete: Framside: Vinterdag på Lidtveit av Susanne Hegenscheidt. Innhold (m. m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt, pixabay.com, Anne Fauske, Rådet for eldre og funksjonshemma, Bygland Bygdekvinnelag, Red.notat: S. Hegenscheidt. Kva skjer: Guro Kvaale Skibsrud. Takk til alle fotografane!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Mari Rygg

Byglandsnytt februar 22 kjem: 01.02., skrivefrist 27.01.



Engel på Bygland kyrkje

Tømekalender for Bygland kommune – januar 2022

Matavfall og restavfall: veke 2: torsdag 13.01.

Papir og plast: veke 4: tysdag 25.01.

Matavfall og glass/metall: veke 4: torsdag 27.01.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (12.01.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (22.01.)

Øyrtveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (08.01.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Ymse

Jolebad på Tangen 24.12.2021

30-40 tøffe byglandingar bada jola inn den 24.12.2021!

Bygland bak og til venstre,

Byglandsfjorden til høgre.

Bilete: Guro Kvaale Skibsrud



Bygland Bygdekvinnelag:

Byglandskalenderen 2022 er til sals på alle matvarebutikkane i kommunen og Databutikken på Evje. Pris: 100 kr.





Tømekalender i Bygland kommune Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS


Bygland kommune tenestetorget. Tlf: 37 93 47 00. E-post: post@bygland.kommune.no
E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 37 93 17 00



Grå dunk = Restavfall
Brun dunk = Matavfall



Gron dunk = Papir
Plastsekk = Plast



= Glas/Metall

2022

Merknad: Syrtveit Avfallsanlegg Evje, fri levering av sortert husholdningsavfall.
Tyssdag kl. 08.00–14.30. Torsdag kl. 08.00–19.00. 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00

Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Lo 1 Nyttårsdag	Ti 1 ●	Ti 1	Fr 1 ●	So 1 Første mai	On 1
So 2 ●	On 2 ●	On 2 ●	Lo 2	Ma 2 ●	To 2
Ma 3	To 3	To 3	So 3	Ti 3	Fr 3
Ti 4	Fr 4	Fr 4	Ma 4	On 4	Lo 4
On 5	Lo 5	Lo 5	To 5	To 5	So 5 Første pinsedag
To 6	So 6	So 6	On 6	Fr 6	Ma 6 Andre pinsedag
Fr 7	Ma 7	6 Ma 7	To 7	Lo 7	Ti 7 ●
Lo 8	Ti 8 ●	Ti 8	Fr 8	So 8	On 8
So 9 ●	On 9	On 9	Lo 9 ●	Ma 9 ●	To 9
Ma 10	To 10	To 10 ●	So 10 Palmesøndag	Ti 10	Fr 10
Ti 11	Fr 11	Fr 11	Ma 11	On 11	To 11
On 12	Lo 12	Lo 12	Ti 12	To 12	So 12
To 13	So 13	So 13	On 13	Fr 13	Ma 13
Fr 14	Ma 14	7 Ma 14	To 14 Skjærtorsdag	Lo 14	Ti 14 ●
Lo 15	Ti 15	Ti 15	Fr 15 Langfredag	So 15	On 15
So 16	On 16 ○	On 16	Lo 16 ○	Ma 16 ○	To 16
Ti 17	Ma 17	3 To 17	So 17 Første påskedag	Ti 17 Grunnlovsdagen	Fr 17
Fr 18	Lo 18	Fr 18 ○	Ma 18 Andre påskedag	On 18	Lo 18
On 19	Fr 19	Lo 19	Ti 19	To 19	So 19
To 20	So 20	So 20	On 20	Fr 20	Ma 20
Fr 21	Ma 21	8 Ma 21	Lo 21 ●	On 21	Ti 21 ●
Lo 22	Ti 22	Ti 22	Fr 22	So 22 ●	On 22
So 23	On 23 ●	On 23	Lo 23 ●	Ma 23	To 23
Ma 24	To 24	To 24 ●	Ma 24	On 25	Fr 24
Ti 25 ●	Fr 25	Fr 25 ●	So 25	Ti 26	Lo 25
On 26	Lo 26	Lo 26	Ti 26	To 26 Kristi himmelfartsdag	So 26
To 27	So 27	So 27	On 27	Fr 27	Ma 27
Fr 28	Ma 28	9 Ma 28	To 28	Lo 28	Ti 28
Lo 29	To 29	To 29	Fr 29	So 29	On 29 ●
So 30	On 30	On 30	Lo 30 ●	Ma 30 ●	To 30
Ma 31	To 31	To 31	Fr 31	Ti 31	So 31

Nesmoen Gjenvinningstasjon. Oppringstider: 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00. Stengt 24.12. 2022.

Skreddertrykt 4755 Evg



Tømekalender i Bygland kommune

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Bygland kommune tenestetorget. Tlf: 37 93 47 00. E-post: post@bygland.kommune.no
E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 37 93 17 00



Grå dunk= Restavfall
Brun dunk = Matavfall
Grøn dunk= Papir
Plastsekk = Plast

● = Glas/Metall

2022

Merknad: Syrtveit Avfallsanlegg Evje, fri levering av sortert husholdningsavfall.
Tysdag kl. 08.00–14.30. Torsdag kl. 08.00–19.00. 2. laurdag i måneden kl. 10.00–13.00

Juli			August			September			Oktober			November			Desember		
Fr 1	Ma 1	To 1	Fr 1	Ma 1	To 1	Lø 1	Ti 1	On 1	Lø 1	Ti 1	On 1	Lø 1	Ti 1	On 1	Lø 1	Ti 1	On 1
Lø 2	Ti 2	Fr 2	Fr 2	Ti 2	Fr 2	Se 2	On 2	Ma 3	Se 2	On 2	Ma 3	Se 2	On 2	Ma 3	Se 2	On 2	Ma 3
Se 3	On 3	Ma 3	On 3	Ma 3	On 3	Se 3	On 3	Ma 4	Se 3	On 3	Ma 4	Se 3	On 3	Ma 4	Se 3	On 3	Ma 4
Ma 4	To 4	Fr 4	Ma 4	To 4	Fr 4	Se 4	On 4	Ma 5	Se 4	On 4	Ma 5	Se 4	On 4	Ma 5	Se 4	On 4	Ma 5
Ti 5	Fr 5	Ma 5	Ti 5	Fr 5	Ma 5	Se 5	On 5	Ma 6	Se 5	On 5	Ma 6	Se 5	On 5	Ma 6	Se 5	On 5	Ma 6
On 6	Lø 6	Ti 6	On 6	Lø 6	Ti 6	Se 6	On 6	Ma 7	Se 6	On 6	Ma 7	Se 6	On 6	Ma 7	Se 6	On 6	Ma 7
To 7	Fr 7	Ma 7	To 7	Fr 7	Ma 7	Se 7	On 7	Ma 8	Se 7	On 7	Ma 8	Se 7	On 7	Ma 8	Se 7	On 7	Ma 8
Fr 8	Ma 8	To 8	Fr 8	Ma 8	To 8	Se 8	On 8	Ma 9	Se 8	On 8	Ma 9	Se 8	On 8	Ma 9	Se 8	On 8	Ma 9
Lø 9	Ti 9	Fr 9	Lø 9	Ti 9	Fr 9	Se 9	On 9	Ma 10	Se 9	On 9	Ma 10	Se 9	On 9	Ma 10	Se 9	On 9	Ma 10
Se 10	On 10	Ma 10	Se 10	On 10	Ma 10	Se 10	On 10	Ma 11	Se 10	On 10	Ma 11	Se 10	On 10	Ma 11	Se 10	On 10	Ma 11
Ma 11	To 11	Fr 11	Ma 11	To 11	Fr 11	Se 11	On 11	Ma 12	Se 11	On 11	Ma 12	Se 11	On 11	Ma 12	Se 11	On 11	Ma 12
Ti 12	Fr 12	Ma 12	Ti 12	Fr 12	Ma 12	Se 12	On 12	Ma 13	Se 12	On 12	Ma 13	Se 12	On 12	Ma 13	Se 12	On 12	Ma 13
On 13	Lø 13	Ti 13	On 13	Lø 13	Ti 13	Se 13	On 13	Ma 14	Se 13	On 13	Ma 14	Se 13	On 13	Ma 14	Se 13	On 13	Ma 14
To 14	Fr 14	Ma 14	To 14	Fr 14	Ma 14	Se 14	On 14	Ma 15	Se 14	On 14	Ma 15	Se 14	On 14	Ma 15	Se 14	On 14	Ma 15
Fr 15	Ma 15	To 15	Fr 15	Ma 15	To 15	Se 15	On 15	Ma 16	Se 15	On 15	Ma 16	Se 15	On 15	Ma 16	Se 15	On 15	Ma 16
Lø 16	Ti 16	Fr 16	Lø 16	Ti 16	Fr 16	Se 16	On 16	Ma 17	Se 16	On 16	Ma 17	Se 16	On 16	Ma 17	Se 16	On 16	Ma 17
Se 17	On 17	Ma 17	Se 17	On 17	Ma 17	Se 17	On 17	Ma 18	Se 17	On 17	Ma 18	Se 17	On 17	Ma 18	Se 17	On 17	Ma 18
Ma 18	To 18	Fr 18	Ma 18	To 18	Fr 18	Se 18	On 18	Ma 19	Se 18	On 18	Ma 19	Se 18	On 18	Ma 19	Se 18	On 18	Ma 19
Ti 19	Fr 19	Ma 19	Ti 19	Fr 19	Ma 19	Se 19	On 19	Ma 20	Se 19	On 19	Ma 20	Se 19	On 19	Ma 20	Se 19	On 19	Ma 20
On 20	Lø 20	Ti 20	On 20	Lø 20	Ti 20	Se 20	On 20	Ma 21	Se 20	On 20	Ma 21	Se 20	On 20	Ma 21	Se 20	On 20	Ma 21
Fr 21	Ma 21	To 21	Fr 21	Ma 21	To 21	Se 21	On 21	Ma 22	Se 21	On 21	Ma 22	Se 21	On 21	Ma 22	Se 21	On 21	Ma 22
Lø 22	Ti 22	Fr 22	Lø 22	Ti 22	Fr 22	Se 22	On 22	Ma 23	Se 22	On 22	Ma 23	Se 22	On 22	Ma 23	Se 22	On 22	Ma 23
Se 23	On 23	Ma 23	Se 23	On 23	Ma 23	Se 23	On 23	Ma 24	Se 23	On 23	Ma 24	Se 23	On 23	Ma 24	Se 23	On 23	Ma 24
Ma 24	To 24	Fr 24	Ma 24	To 24	Fr 24	Se 24	On 24	Ma 25	Se 24	On 24	Ma 25	Se 24	On 24	Ma 25	Se 24	On 24	Ma 25
On 25	Lø 25	Ti 25	On 25	Lø 25	Ti 25	Se 25	On 25	Ma 26	Se 25	On 25	Ma 26	Se 25	On 25	Ma 26	Se 25	On 25	Ma 26
Fr 26	Ma 26	To 26	Fr 26	Ma 26	To 26	Se 26	On 26	Ma 27	Se 26	On 26	Ma 27	Se 26	On 26	Ma 27	Se 26	On 26	Ma 27
On 27	Lø 27	Ti 27	On 27	Lø 27	Ti 27	Se 27	On 27	Ma 28	Se 27	On 27	Ma 28	Se 27	On 27	Ma 28	Se 27	On 27	Ma 28
To 28	Fr 28	Ma 28	To 28	Fr 28	Ma 28	Se 28	On 28	Ma 29	Se 28	On 28	Ma 29	Se 28	On 28	Ma 29	Se 28	On 28	Ma 29
Fr 29	Ma 29	To 29	Fr 29	Ma 29	To 29	Se 29	On 29	Ma 30	Se 29	On 29	Ma 30	Se 29	On 29	Ma 30	Se 29	On 29	Ma 30
Lø 30	Ti 30	Fr 30	Lø 30	Ti 30	Fr 30	Se 30	On 30	Ma 31	Se 30	On 30	Ma 31	Se 30	On 30	Ma 31	Se 30	On 30	Ma 31
Se 31	On 31	Ma 31	Se 31	On 31	Ma 31	Se 31	On 31	Ma 32	Se 31	On 31	Ma 32	Se 31	On 31	Ma 32	Se 31	On 31	Ma 32

Nesmoen Gjenvinningsstasjon. Opningstider: 2. onsdag i måneden kl. 14.00–18.00 og 4. laurdag i måneden kl. 10.00–13.00. Stengt 24.12. 2022.



KVA SKJER I BYGLAND?

Januar 2022

(med atterhald om endringar)

GODT NYTTÅR

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
sundag 16.01.	Årdal kyrkje, Grendi	11.00	Gudsteneste (med atterhald, sjå Setesdølen torsdag 13.01. for aktuell informasjon)
onsdag 26.01.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Film: Snødronningen
		19.30	Film: The Matrix Resurrections

Januar-kalender er diverre nesten tomt. Dei fleste aktivitetane i veke 1 og 2 er avlyste grunna nasjonale smitteverntiltak. For trusopplæringsmøte sjå s.9.

*Det kjem ny informasjon frå regjeringen etter 14.01. Dei aktivitetane som kan bli tatt opp att etter den 14.01. legg vi ut på kommunen si heimesida og Facebook. **Følg med!***